



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Christian Johan Alstad, 5557 2112  
Siri Erdal, 5557 2077

Vår dato  
06.03.2018  
Dykkar dato  
02.01.2018

Vår referanse  
2018/173 421.3  
Dykkar referanse  
17/2229

Voss kommune  
Postboks 145  
5701 Voss

### **Uttale til planprogram for ny kommuneplan for Voss herad - 2020-2031**

Vi viser til brev av 02.01.2018 om høyring av planprogrammet for ny kommuneplan for Voss herad 2020-2031. Vi ber om orsaking for sein uttale.

Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og kva tema som vil få spesiell fokus i arbeidet med kommuneplanen.

#### Vurdering

Fylkesmannen er positiv til at Voss og Granvin allereie no startar opp arbeid med ny kommuneplan. Det vert lagt opp til ein planprosess med vedtak i Voss heradsstyre i år 2020.

Kommuneplanen skal som kjent ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver i planlegginga, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 11-1. Pkt. 6-1 i planprogrammet lister opp relevante statlege føringer. Fylkesmannen saknar her *Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging, Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, Nasjonal jordvernstrategi Prop. 127 S (2014-2015) og Handlingsplan for universell utforming 2015-2019*.

Pkt. 9.1 omhandlar fokusområde for samfunnsdelen. Fylkesmannen saknar her omtale av følgjande tema:

#### *Folkehelse*

Alle planar skal fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseforskjellar, jf.tbl. § 3-1 bokstav f. Folkehelselova § 6 slår fast at ei skriftleg oversikt over helsetilstanden og dei viktigaste positive og negative påverknadsfaktorane på folkehelsa skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommuneplanen. Vi rår til at samfunnsdelen fastset overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet i kommunen.

#### *Bustadsosiale omsyn*

Fylkesmannen skal bidra til at bustadsosiale omsyn vert lagt vekt på i den kommunale planlegginga, jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt tildelingsbrev for 2018 til Fylkesmennene. Voss kommune deltar i Husbanken sitt kommuneprogram som er oppfølging av den nasjonale strategien *Bolig for velferd*. Som del av programmet innvilga Husbanken tilskot til at utarbeiding av foranalyse som kartla Voss kommune sitt bustadsosiale arbeid og

utfordringar. Arbeidet ble gjennomført av Rambøl Management Consulting og ble ferdig stilt i 2016. Denne foranalysen bør inngå som grunnlagsmaterialefor det vidare arbeidet med kommuneplanen.

### *Samfunnstryggleik og beredskap*

Samfunnstryggleik og beredskap er eit sentralt tema for både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen. Kommunen har eit ansvar for å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap, jf. sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. På bakgrunn av heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse skal det utarbeidast langsigte mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Kommunen skal òg vurdere forhold som bør integrerast i planar og prosessar etter plan- og bygningslova.

Mål og strategiar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen kan med fordel forankrast i kommuneplanens samfunnsdel, noko som vil vere i tråd med forventningane i ovanfor nemnde lov og forskrift. Korleis kommunen skal arbeide med å redusere risiko og sårbarheit i arealplanlegging, og med omsyn til framtidige klimaendringar er sentrale tema. Mål og strategiar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen bør vere tydelege og konkrete, og gi klare føringar for oppfølging i vidare arbeid og planprosessar.

Pkt. 9.3 omhandlar fokusområde for arealdelen. Fylkesmannen saknar her omtale av følgjande tema:

### *Massehandtering*

Voss har og vil få utfordringar knytt til deponering av overskotsmassar frå veganlegg i lang tid framover. Større deponiområde er konfliktfyldt når det gjeld natur- og landskapsinteresser. Det viser seg utfordrande å gjere bruk av overskotsmassar til samfunnsnyttige føremål. Arealdelen bør vurdere ulike område for massehandtering.

### *Miljøutfordringar*

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova skal leggjast til grunn for all planlegging, også kommuneplanlegging. Kjent kunnskap om tilstanden for villfisk i Vossovassdraget og Granvinsvassdraget samt villreinbestanden i Nordfjella og Stølsheimen vil vere viktig å få dokumentert i planskildringa til arealdelen. Kjende negative påverknadsfaktorar for desse sårbare stammene bør og inngå i kunnskapsgrunnlaget.

### *Hyttebygging i fjellområda*

Voss er eit viktig regionalt område for friluftsliv og fritidsbusetnad. Regjeringa ønskjer ein berekraftig politikk for fritidsbustader, der hytter vert lokalisiert og utforma slik at omsyn til ålment friluftsliv, landskap, estetikk, energibruk, kulturminne og naturmangfald vert teke vare på. Trenden er at planlegging av nye område for fritidsbustader skjer konsentrert med større krav til vegtilkomst og anna teknisk infrastruktur. Fylkesmannen vil difor rå til at kommuneplanen sikrar god heilskapleg planlegging av utbyggingsområda for fritidsbustad, gjerne med differensierte føringar for ulike område. Det er ikkje tenleg at alle område for fritidsbustad skal byggjast ut med like høg utnytting og tung infrastruktur som i Myrdalen.

### *Landbruk*

Voss er den største landbrukskommunen i Hordaland. Som for kommunar flest har landbruket i Voss og Granvin utfordringar med å oppretthalde matproduksjonen, halde kulturlandskapet i hevd, ta vare på dyrkamarka og samstundes få til lønsam drift. Fylkesmannen saknar at landbruk vert løfta fram som eit viktig tema for det vidare planarbeidet.

### *Bømoen*

Fylkesmannen fremja i brev av 02.02.2018 motsegn til Områdereguleringsplan for Bømoen. I dialog med Voss kommune vart det avklara at dette planarbeidet vart sett på vent i påvente av neste kommuneplanrulling. Arealdelen bør gje dei overordna rammene for kva Bømoen kan nyttast til, vurdert i lys av prinsippa om samordna bustad-, areal og transportplanlegging, samfunnstryggleik, naturmangfald, landbruk og støy.

Vi meiner elles at det er tenlege emne i planprogrammet som vert lista opp for nærmere utgreiingar.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Granvin herad	Postboks 13	5733	Granvin